



Sund Sokneblad

Nr. 4
19. september 2018
Årg. 87



Ranselbøn for 1.klassingane

Søndag 12. august var det ranselbøn i Kausland kyrkje, dvs. bøn for alle dei nye 1. klassingane. Berre nokre få av dei hadde møtt opp i kyrkja. Markeringa starta alt på laurdagen med diverse aktivitetar i kyrkja.

side 8-9

Oppstart

Søndag 2. september var det oppstartgudsteneste i Sund kyrkje. Her vart dei ulike aktivitetane for hausten presenterte.

side 3

Trellevikstemna

Som vanleg vart kystsogedagen i Trellevik innleia med gudsteneste i Bygnaden.

side 5

Tyssøy

Friluftsgudstenesta ved kyrkjesteinane på Tyssøy var i år lagt til søndag 10. juni.

side 7

Rådsleiarane

Dei kyrkjelege rådsleiarane i Fjell, Sund og Øygarden er blitt stilt 6 spørsmål. Svare deira på spørsmåla finn du

side 10-13

Ny kyrkjetenar

Vilde Ekerhovd har gitt seg som kyrkjetenar i Sund kyrkje. Den nye kyrkjetenaren heiter Martin Børnes.

sistesida

Kva no?

På Føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i august var kyrkjeverje Olav Martin Vik gjest. Han snakka om «Nye Øygarden - kva no?»

side 4

Pastoralt perspektiv

På 'an igjen

Etter ein god sommar, er det tid for *oppstart* og på 'an igjen på så mange felt...

Slik også med konfirmantåret!

Ein flott gjeng med ungdomar har meldt seg til konfirmantundervisning, og kyrkjelyden gledar seg over at så mange stadfestar sin dåp!

Dessutan gjev oppstarten av konfirmantåret oss verdi-full hjelp til å finna fram til dei mest sentrale Bibeltekstane og kjernen i vår kristne tru.

Og det er særleg 3 tekstar frå Bibelen som konfirmantundervisninga kviler på:

1) **Luk 15,11-32:** Forteljinga om den bortkomne sonen, som handlar om Guds kjærleik til oss, ja, om at Gud er urettferdig god mot oss!

2) **Luk 10,25-37:** Forteljinga om den miskunnsame samaritanen, som handlar om nestekjærleiken!

3) **Joh 3,16:** Den vesle Bibel, som oppsummerer det heile ved å fortelja oss at Gud elsker oss så høgt at Han gav ALT for oss, til og med sin einborne Son!

Og kanskje kan vi samanfatte dette med å teikna ein *kross*, med eit *hjarde* rundt. For krossen har ein *loddrett* akse, som minner oss om Guds kjærleik til oss.

Og krossen har ein *vannrett* akse, som minner oss om at vi skal elska kvarandre, - altså nestekjærleiken.

Og rundt det heile står eit hjarde som minner oss om at Gud elsker oss så høgt at Han gir ALT for oss.

Difor bed vi konfirmantane om å hugsa på krossen med hjartet rundt. Då har dei fått med seg det viktigaste!

Og sidan vi er konfirmantar heile livet, får også du og eg utfordringa om å hugsa på krossen og hjartet! Ja, vi blir oppmoda til kvar dag å stadfesta krossmerket som vi vart teikna med i dåpen – for 20, 50 eller kanskje 80 år sidan.

Då vart vi krossmerkte til vitnemål om at vi skal få tilhøyra den krossfesta og oppstadne Jesus Kristus og tru på han!

Den dagen handla det om Guds kjærleik til oss, og vår kjærleik til våre medmennesker.

Og det gjer det i dag, også, både for konfirmantane og alle oss andre!

Kjell-Asle Børnes

Velkomen til gudsteneste

23. september – 18. søndag i treeiningstida – Matt 8,5-13

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.
Dåp og Nattverd
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

30. september – 19. søndag i treeiningstida – Joh 7,14-17

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. *Hausttakkefest*. Dåp og Nattverd. *Konfirmantane deltar*
Takkoffer: Kirkens Bymisjon
Song: *Stjernekorset*

07. oktober – 20. søndag i treeiningstida – Mark 10,2-9

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 *Bønevandrings*gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd
Takkoffer: NLA
Musikk: *Pavel Girunyan (klarinet)*

14. oktober – 21. søndag i treeiningstida – Luk 16,19-31

SUND kyrkje kl 11:00 Song-gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
Dåp
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

21. oktober – 22. søndag i treeiningstida – Ordt 6,20-23a

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.
Dåp og Nattverd
Takkoffer: TV-aksjonen

28. oktober – Bots- og bøneda – Luk 18,9-14

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/K.A. Børnes og Hildegunn B. Myklebust. Dåp. *Bibelbok til 5. klasse*.
Takkoffer: Trusoppplæringsarbeidet
Song: *Betweenkorset*

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjeskys - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dávøy - tlf. 56 33 94 27



Irina (frå venstre), Dag, Martin, Borghild og Hildegunn danna eit husorkester som hjalp til med å læra fleire til dels nye songar.

Oppstartgudsteneste i Sund kyrkje

Søndag 2. september var det ei såkalla oppstartgudsteneste i Sund kyrkje. Dette er ei gudsteneste som markerer oppstarten av haustsemesteret i kyrkjelyden, og dei ulike aktivitetane vart presenterte.

Diakonimedarbeidar Hildegunn B. Myklebust fortalde

om arbeidet for dei minste, slik som Stjernekorset og Betweenskorset, Betweens-klubb, myldredagar både i kyrkjekjellaren og i Kausland kyrkjelydshus, og søndagsskule nokre søndagar utover hausten. Ho presenterte nokre av medarbeidarane i dette arbeidet.

Når det galdt korarbeidet

kunne Borghild H. Berge fortelja meir om det, m.a. at dei øver annankvar tysdag i Sund kyrkje. Då kan òg foreldre og andre koma saman i ein såkalla strikkekafe.

Dag R. Pettersen fortalde om smågruppefelleskapet som det er nokre av i kyrkjelyden, og han oppfordra fleire til å bli

med på det.

Songane i gudstenesta denne gongen var til dels nye, og difor var det fint at eit husorkester hjalp til med å læra desse songane.

Olai Otterå



Hildegunn B. Myklebust presenterte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden og nytta samstundes høvet til å presentera nokre av dei som hjelper til i dette arbeidet.

Olav Martin Vik:

Nye Øygarden - kva no?

Til dette føremiddagstreffet var kyrkje-
verja Olav Martin Vik invitert til å dela
tankar om *Nye Øygarden – kva no?*

Han innleia med å seia at dei unge og
tilflyttarar ikkje har same tilknytning til
lokalmiljøet som dei eldre. Vidare saman-
likna han frå eigen barndom der han – og
andre - ikkje evna å sjå framtida. Difor
trur han ingen av oss kjenner framtida
om samanslåinga.

Så snakka han om det politiske og politi-
karane som må handla klokt. Økonomien
til den nye kommunen kan bli utfordrande
med tre kommunar som møter med svekka
økonomi. Ei oppmoding han kjem med,
var: ta vare på lokalmiljøet!

Administrasjonen av kyrkjene våre blir
endra i den nye kommunen. Men dette
gjeld berre fellesråda (bygg, administra-
sjon, gravplassar og liknande). Sokneråda
blir som før (innhald i kyrkjene lokalt).
Han ynskjer ikkje ei fråverande kyrkje
og oppmodar om å jobba lokalt og laga
gode møteplassar. Frå sentralt hald blir
det jobba med ny trus- og livssynslov. Ny
kyrkjeordning kjem, men det blir ingen
dramatiske endringar. Økonomien til
kyrkja i den nye kommunen vår kjem til
å bli endra, men ikkje dramatisk. Kristen-
dommen er svekka i samfunnet, noko som
bekymra Olav Martin Vik. Ei siste oppmo-
ding var å vera med å påverka framtida!

Harold Trellevik



Kyrkjeverje Olav Martin Vik var gjest på Føremiddagstreffet i august.



*Som vanleg
var det my-
kje god mat
på føremid-
dagstreffet i
Kyrkjekjella-
ren.*

Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa held fram utover hausten med ein ny
gjest kvar gong. Som vanleg er det først ein felles lunsj før
gjesten får sleppa til med temaet sitt.

26.09 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Vivian Steinsland

Tema: Johannes Kleppevik - tekstar med humor og alvor

31.10 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Gunnar Ferstad

Tema: Far min, Olav Ferstad, lærar og kvardagskristen

28.11 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Kjell-Asle Børnes

Tema: Kvar vart det av «herberget»?

Onsdags- treffa

Onsdagstreffa i
**Aktivitetssente-
ret** i Skogsskiftet
held fram utover
hausten med møte
den første onsdag-
en i månaden **kl.
11.00.**

Onsdag 3. okt.

Onsdag 7. nov.

Onsdag 5. des.

Ny personvernlov (GDPR)

Det er innført ei ny forordning (lov)
som gjeld personopplysningar.

Dette fører til at me må ha sam-
tykke om å oppgi namn på døypte
og vigde i våre kyrkjeblad. Saknar
du eit namn, så kan det skuldast
at føresette eller dei vigde ikkje vil
at namnet skal stå i kyrkjebladet.

*Olav Martin Vik
Kyrkjeverje*



Prostiprest Michal Møgster les kunngjeringane ved altaret i Bygnaden i Trellevik. I bakgrunnen kantor Irina Tarasova.

Trellevikstemna 2018 starta med gudsteneste

26. august var det gudstenesta i Bygnaden, som mange gongar før.

Kantor Irina Tarasova opna med preludium til ein lydhør kyrkjelyd. Prostiprest Michal Møgster hadde preike over teksten Luk. 17, 7-10, det vi er skuldige å gjera.

Presten forklara at Jesus kunne vera ein provokatør for å få menneska til å lyfta augo. Radikale utsegn er blitt finslipt gjennom hundrevis av år i vår kristne forankring med respekt og omtanke. Tenaren måtte gjera seg fortent til eit måltid, medan me har ingen fortenebestepsinsipp, me får alt og meir til. Gud har valt ut oss, ikkje omvendt.

Harold Trellevik



Det provisoriske altaret gjorde nytta si.

Ny prostiprest

Frå i haust har Michal Møgster overteke som prostiprest for Sund og Askøy. Dette er ei stilling som Godtfred Haugland tidlegare har hatt i fleire år.

Myldredag

- for heile familien, besteforeldre også.

Klokka 17.00-19.00

Middag – bibelfortelling – aktivitetar – fellesskap

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

2. oktober,
6. november
4. desember

Kyrkjelydshuset på Kausland

17. oktober
14. november

Ta med familien og kom, eller kom åleine.

Raus og kompromisslaus

Eg vågar påstanden om at JESUS er det mest rause mennesket som har vandra på vår jord!

Han reiste opp dei som låg nede, og åt ilag med tollarar og syndarar – sjølv om han fekk mykje kjeft for det av den religiøse elite.

Men samstundes var Jesus kompromisslaus om vegen inn i Guds rike!

I det såkalla «Barneevangeliet» (Mark 10,13-16) seier Jesus: «Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»

Det nyttar altså ikkje å henvisa til våre merittlister! Vil vi inn i Guds rike må vi koma tomhendte – slik barna gjer det!

Så lat oss difor, uansett alder, setja oss på Jesu fang og ta imot.

Der skal vi sleppa å prøva å fortjena noko.

Der handlar det ikkje om å vera gode nok eller flinke nok.

Istaden skal vi få satsa på at Jesus er urettferdig god mot oss.

Vi skal m.a.o. få satsa på NÅDEN!

Og følgjande salme konkretiserer dette så fint for oss: «Kort stort min Gud, at eg ditt barn får vera, og leva i di frie nådepakt! Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera, men bare

Andakten

kvila i det du har sagt» (Salmeboka nr. 323)

I Guds rike kan vi altså ikkje bli noko større enn barn, barn av Gud, barn som er 100% avhengig av Jesus, og som slik kviler i nåden og satsar alt på at han er urettferdig god mot oss.

Så lat oss difor spørja oss sjølve: Kviler vi i nåden, eller set vi framleis vår lit til egne kvalifikasjonar? Satsar vi alt på det Jesus har gjort for oss? Trur vi dette - at Gud er urettferdig god mot oss?

Eg treng i alle fall «Barneevangeliet»!

For som vaksen er eg så van med å tenkja i kategoriene «løn» og «forteneste».

Men då er eg samstundes på veg bort frå nåden - som er gratis!

Den er gratis fordi Gud sjølv har betalt det den kostar. Og dermed kan apostelen seia: «For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve». (Ef 2,8)

Og trua er dei tomme hendene vi tek imot gáva med.

Kjære medvandrar: Lat oss ta imot - slik som eit lite barn! Elles kjem vi ikkje inn i Guds rike.

Og lat oss ta barna med oss til den rause og kompromisslause Jesus, som seier:

«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje!» (v.14)

På hans fang er det plass til barn i alle aldrar...

Kjell-Asle Børnes

Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)



Ved kyrkjesteinane på Tyssøy

Den tradisjonelle friluftsgudstenesta ved kyrkjesteinane på Tyssøy var i år lagt til søndag 10. juni. Frammøtet var bra, og det hjelpte bra på at Sund Blandakor var der. Men viktigast med koret var sølvsagt den fine songen dei framførte. Sund Brass var der også og bidrog til musikken både i starten og som avslutning. Kjell-Asle Børnes intervjuar òg Nils-Arne Ekerhovd som kunne fortelja litt om bakgrunnen for kyrkjesteinane på Tyssøy.

Etter gudstenesta var det også denne gongen kyrkjekaffi i bakkant av vollen der gudstenesta føregår. Her er det mange som vil smaka på kaffi, saft og gode kaker, eller ein kjem i prat med folk elles på området.

Olai Otterå





I dåpen blir vi vaska reine og får bli Guds barn. (Foto: Ingrid Boga Møgster)



I lysgloben kan vi tenne eit lys for nokon vi er glad i, og be Jesus om å vere med dei. (Foto: Ingrid Boga Møgster)

Ranselbøn for dei nye førsteklasingane

På laurdag ettermiddag, den 11. august, var det igjen duka for Ranselbøn i Kausland kyrkje!

Ranselbøn er for dei som skal byrja i første klasse på skulen. Gjennom positive aktivitetar, ei spennande forteljing frå Bibelen og deltaking i skodespel og gudsteneste er tematikken venskap, å inkludere og tilgjeving.

Ranselbøn består av to samlingar – éi ettermiddagssamling og éi gudsteneste saman med resten av kyrkjelyden.

Det var ein fin, liten gjeng som møtte opp i Kausland kyrkje på laurdag, og vi vaksne fekk gleda av å møte sprudlande barn som knapt kunne venta med å få vist fram dei fine sekkane dei hadde tatt med seg!

Etter at vi hadde blitt litt kjent med kvarandre byrja kyrkjeklokkene å ringe og alle gjekk inn i kyrkja. Der fortalte Kjell-Asle,

presten vår, om våpenrommet. Før i tida måtte ein legga ned våpenet sitt der før ein gjekk inn i kyrkjerommet. Det skal vi forresten endå gjera, fekk vi vite. Vi skal passe på å legga vekk dei sårande orda og tankane våre før vi samlast inne i kyrkja!

Inne i kyrkjerommet fekk barna gå på skattejakt etter små bilete som var gøymde rundt om i kyrkjerommet, av nokre av tinga som brukast i kyrkja. Deretter skulle dei finna sjølvve tingen på bileta og læra kva dei brukast til – døypefonten, alterringen og lysgloben.

Det var etter kvart blitt middagstid, og i kyrkjelydshuset var det dekkja langbord med middag!

Praten gjekk livleg! Og etter middag var det tid for å gå inn i kyrkja igjen og møte ein mann som heitte Sakkeus. Han levde på Jesus si tid. Sjølv om han var vaksen, var han liten av vekst og hadde difor det

same problemet som barna ofte har: Det var så mange store som stengde utsikta for han. Han ville sjå Jesus. Sakkeus hadde òg eit anna problem. Han var dårleg likt av dei andre, for han var ein tjuv. Men Sakkeus var smart og klatra opp i eit tre så han kunne sjå betre. Overraskinga var stor då Jesus stansa opp ved Sakkeus og sa at han ville koma på besøk til han. Dei andre likte ikkje at Jesus gjorde det. Men møtet med Jesus forandra Sakkeus, og han ynskte å gjere opp for seg og hjelpe menneska rundt seg.

Etter forteljinga fekk barna (og dei vaksne) lov å ta på seg hattar, sjal og parykkar og lage skodespel. Alle som ville, fekk etter tur lov å vere Sakkeus, Jesus og folkemengda. Preikestolen fungerte glimrande som treet til Sakkeus. Jesus og folkemengda kom bort og sa at Sakkeus skulle koma ned til dei.

På gudstenesta dagen etter kom Ranselbøn-deltakarane inn i prosesjon, iført skulesekkane sine. Framme i kor-trappa lærte dei resten av kyrkjelyden melodien og bevegelsane til «Eg er trygg hos deg». Litt uti gudstenesta kom seksåringane fram igjen for å bli bedt for. Dei sette seg ned saman med Kjell-Asle, som bad denne bøna for dei:

Kjære Gud!

Takk for at vi her i Norge får gå på skule og læra å lesa, skriva og rekna.

I dag ber vi spesielt for alle 1.klassingane!

Kjære Jesus, ta vare på dei

og gå saman med dei på skulevegen.

Vær nær i klasserommet og ute i friminutta, og lat skulen vera ein trygg og god og spennande stad å vera for både barn og vaksne.

Hjelp alle til å vera gode vener, og takk for at du vil vera vår ven!

Amen!

Etter bøna fekk barna utdelt ei flott bok om Sakkeus, før dei song «Sakkeus var ein liten mann».

Mange vart etter gudstenesta med bort i kyrkjelydshuset til drøs, med kaffi, saft og eit herleg kakestykke (eller fem)! Både store og små koste seg.

Dag Reidmar Pettersen
Kyrkjelydspedagog



Ved alterringen kneler vi ned for Jesus. (Foto: Ingrid Boga Møgster)



Under gudstenesta sit fire av førsteklasingane saman med Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen når ranselbøna vert lesen. (Foto: Olai Otterå)



Rådsleiarane (frå venstre): Erling Vik, Harald Rød, Dag-Olav Bjorøy, Brynhild Enerhaug, Per Helge Refvik og Anne Elisabeth Møvik Hornes. (Foto: Olav Martin Vik)

Engasjerte rådsleiarar

Frå 1.12.2019 skal dei kyrkjelege fellestråda slåast saman og får namnet Øygarden kyrkjelege fellestråd. Leiarane i dei kyrkjelege råda har ei viktig rolle. Me har stilt dei nokre spørsmål om kyrkja i lokalsamfunnet og litt om korleis dei ser på oppgåva.

Harald Rød er leiar i kyrkjeleg fellestemnd, som har ansvaret for samanslåing av fellestråda.

Erling Vik er leiar i soknerådet og fellestrådet i Øygarden.

Brynhild Enerhaug er leiar i soknerådet og fellestrådet i Sund.

Dag-Olav BJORØY er leiar i soknerådet i Landro og fellestrådet i Fjell.

Anne Elisabeth Møvik Hornes er leiar i soknerådet i Fjell.

Per Helge Refvik er leiar i soknerådet i Foldnes.

Dette er spørsmåla som vart stilt:

1. Kor lenge har du vore med i soknerådet?
2. Kvifor brukar du av fritida di i kristeleg arbeid?
3. Kva har de særleg fokus på i tida framover i høve arbeidet i soknet?
4. Kyrkja er ein stor samfunnsaktør og møter mange menneske i ulike aldrar og ulike samanhengar.
Kva tenkjer de om kyrkja si rolle i den nye kommunen?
5. Kvifor ønskjer de at menneske skal delta på tilbod i regi av kyrkja?
6. Kor viktig er og vert frivillige medarbeidarar i arbeidet framover?

Harald Rød

1. Eg har vore med ein periode i frå 2004 – 2008 – og var leiar i fellestrådet i to år. Eg er no med i Foldnes sokneråd i denne perioden.

2. Det har heilt frå ungdommen av vore viktig for meg å få vera med i arbeidet i kyrkje og misjon. Jesus kallar oss til tru og teneste. Det kan verka lite det ein får gjort, men det gjev så mykje tilbake dette å få arbeida saman med andre menneske om felles mål.

3. Dette spørsmålet skal ikkje Harald svare på som leiar av fellestemnda.

4. Kyrkja bør framleis ha ein respektert rolle i bygda som kommunen reknar med og set pris på. I bygdene her vest har kyrkja hatt ein viktig rolle for folket og kommunane. Dette er verdiar som bør først vidare i den nye kommunen. Dette betyr også at kyrkja må fylla denne rollen på ein slik måte at kommunen ser verdien i å hegna om eit godt samarbeid. To arbeidsfelt er særst viktige. Det er ungdomsarbeid og diakoni.

Det vil alltid letta på «kommunen sitt samvit» når det vert lagt merke til eit godt arbeid mellom barn og unge, og ei diakonal teneste som har kontakt med menneske som slit med einsemd og redusert funksjon.

5. Det er fleire grunnar. Først og fremst er det for å la menneske møta Guds ord i forkynninga, både for å få næring til si tru, og for å møta kallet til tru og teneste.

Men det handlar òg om å finna eit kristent fellesskap der barn og unge, foreldre og eldre opplever eit sosialt nettverk som ei god og trygg ramme for livet.

Det handlar òg om å vidareføra arven i bygdene våre, der kyrkje og kristenliv har vore ein viktig del av vår identitet og kultur.

Det er viktig at kyrkja gjev ei god og verdig ramme rundt dei store hendingane i livet vårt. Det gjeld dåp og konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Vi er overtydde om at kyrkja betyr mykje for mange menneske. Difor er det og viktig at dette ikkje vert sett på som «private» arrangement, men som viktige hendingar i kyrkjelyden. Det handlar om at vi tek vare på kvarandre i glede og sorg.

6. Det er vanskeleg å sjå for seg at kyrkja vil få midlar til å løna alt arbeid som bør skje i kyrkja sin regi. Skal kyrkja lukkast i å ha ein sentral rolle i bygdene, må vi evna å rekruttera frivillige. Frivillig arbeid har også ein eigenverdi. Det betyr at «folk flest» tek eit ansvar for å halda arbeidet oppe, og at det er eit levande engasjement for kyrkja. Det er fare for at folket si oppleving av kyrkja vert at kyrkja er eit «vesen» mellom andre «vesen» om alt vert løna arbeid. (Helsevesen – brannvesen – «kyrkjevesen»).

Erling Vik

1. I denne bolken meiner eg at det skal vere 10 – 12 år. Eg har også vore med tidligare, men huskar ikkje årstal.

2. Det er eit meningsfullt og viktig arbeid for å bringe den kristne arven vidare til nye generasjonar

3. Me har jobba med NAMU (Naturlig menighetsvekst) dei siste åra, og dette arbeidet vil me fortsette med. Dei områda me ikkje er så gode på, har me spesielt fokus på. Som eit ledd i dette prøver me å etablere nokre smågrupper til hjelp i dette arbeidet.

4. Kyrkja blir en viktig del, og det er viktig at noko av det lokale særpreget vert vidareført og at ein kan bygge på dei beste delane frå kvarandre.

5. Kyrkja har mange gode og meningsfulle tilbod til alle aldersgrupper. Det å koma saman og oppleve ting saman og støtte kvarandre i sorg og glede, er fint.

Så må me aldri gløyme kva som er hovudoppdraget vårt, å forkynne Guds ord til frelse. Jesus er vegen.

6. Dei frivillige medarbeidarane er og vert viktige i arbeidet framover, og det er viktig å skape lokalt engasjement og eigarskap til arbeidet. Det er viktig at folk kjem på bana og ikkje vert sitjande på tribunen.

Brynhild Enerhaug

1. Eg kom inn i soknerådet i 2011.

2. Fordi det er meningsfullt for meg. Eg kjenner meg heime i kyrkja og ynskjer å bidra til at andre kan vere med i dette fellesskapet.

3. Soknerådet blir ikkje lenger fellestråd, og kan konsentrere seg om å drive kyrkja sitt åndelege arbeid. Trusopplæringsplanen for barn og unge ligg der, og soknerådet må ha eit sterkt fokus på å få alle tiltaka i gang. Rikdommen i kyrkjelyden er menneska som høyrer til der, og får vi til samarbeid og engasjement som omfattar fleire, får vi tilgang til denne verdien.

4. Den nye kommunen blir større, det same blir kyrkja. Vi kan bli ein makt-

Likar du å synge??

Vil du bli med i kor?

Vi har to kor som øver i Sund kyrkje annankvar tysdag.

Stjernekor

er for deg som er mellom 4 og 9 år. Vi møtest klokka 17.30 - 18.30.

Betweenkoret

er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver frå 18.30 til 19.30.

Begge kora øver:

11. og 25. september,
16. og 30. oktober,
13. og 27. november
11. desember

Between-klubben

– er frå 4. klasse og oppover:

Vi møtest

18. september,
23. oktober og
20. november

i Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje,
frå klokka 17.30 til 19.30.

- Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman.

- Du og venene dine er velkommen til å bli med!

Vigde

11.08 Sund kyrkje

Malene Eide-Engebø og Espen Eide-Engebø

18.08 Kausland kyrkje

Tone Larsen og Tommy Kvalvåg

18.08 Sund kyrkje

Sigrid Holth og Bjørn Olav Korsnes

25.08 Kausland kyrkje

Anne Bjånesøy og Christer Bjånesøy
Marthe Loddengard og Jonas Loddengard

25.08 Sund kyrkje

Veronica Patricia Vasquez Panchez og Christian Soligard

Lovsongskveldar

i Sund kyrkje

23. september klokka 18.00

26. oktober klokka 19.00

Alle er hjarteleg velkomne

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO



Sund Senter
Blomster

Tlf. 56 33 90 13

Via INTERFLORA
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

Engasjerte rådsleiarar

Framhald frå side 11

faktor som ynskjer å bidra og bli gode samarbeidspartnarar for å gjere den nye kommunen til ein god stad å bu.

5. Vi trur kyrkja kan gje menneska eit fellesskap og eit trusfundament som kan hjelpe dei å takle komplekse livsutfordringane i ei hektisk og krevjande tid. Menneske treng å høyre til ein stad. Vi ønskjer å utvikle møtestader der det er stor tryggleik og åndeleg fellesskap.

6. Kyrkja er avhengig av frivillige for at det skal vere ein levande kyrkjelyd. I framtida vil dette bli minst like viktig, kampen om ressursane kan auke. Men gjennom frivillig arbeid blir vi kjende med kvarandre og med tilsette, og kan påverke korleis livet i kyrkjelyden skal vere.

Dag-Olav Bjørøy

1. Bortsett frå to år som vararepresentant, har eg vore fast medlem sidan hausten 2001.

2. Det er viktig å få fortalt andre menneske om det Jesus har gjort for oss. Det er givande å møte andre menneske og bli kjent med dei innanfor gode rammer.

3. Fokuset er retta særleg mot barn og unge. Vi har stor tilflytting av barnefamiljar som vi ønskjer å nå.

4. Kyrkja har hatt – og skal ha – mange ulike roller – forkynning, omsorg for einskildmennesket, kulturberar, trusfellesskap, arbeidsfellesskap, omsorgsfellesskap.

Vi treng å markere at vi kristne er eit fellesskap sjølv om vi òg kan vere usamde.

Vi må skape ulike arenaer til ulike målgrupper utan å misse omsynet til at vi er eitt i Kristus.

5. Målet vårt er at menneske skal ta mot Jesus som sin frelsar, og oppgåva vår er å peike på han – gjennom det arbeidet vi utfører. Mange kjem til tru fordi dei har møtt andre som har delt av seg sjølv og trua si; ei hjelpande hand og eit ope sinn kan verke betre enn ei preike.

6. Dei frivillige har hatt – og vil ha – stor plass i kyrkja, og vi takkar for alle som tek på seg oppgåver. Utan frivillige vert det lite arbeid att i kyrkja. Kva som møter oss i framtida, veit vi ikkje, men vi får nok enda

meir bruk for frivillige i tida som kjem!

Anne Elisabeth Møvik Hornes

1. 3 år.

2. Fordi det er noko av fundamentet i livet mitt.

3. I soknerådsarbeidet framover jobbar vi mellom anna med diakoni, gjevartene og basargruppe, og i haust vert det radiogudstenester i Fjell kyrkje.

4. Kyrkja vil ha ein like viktig funksjon i den nye kommunen som den har hatt til no. Sjølv om kommunane slår seg saman, har folk behov for å gå til gudsteneste og bruke kyrkja både til kvardags og i høgtider.

5. Fordi kyrkja har eit variert og godt tilbud både til barn, unge og eldre, noko som gir påfyll og næring til den kristne trua til kvart enkelt menneske. *Tweens* er eit døme på eit slikt tilbud som samlar mange barn og unge til både lek, aktivitetar og andakt i kyrkja vår.

6. Det er viktig framover for å kunne oppretthalde eit breitt tilbud til ulike grupper i kyrkja i tillegg til ordinære gudstenester.

Per Helge Refvik

1. Eg har vore med i soknerådet sidan hausten 2015.

2. For meg er det viktig å få vera med på å bringe vidare bodskapen om Gud sin grenselause godheit til oss menneske. Det er også fint å få høyre til eit godt kristent fellesskap, noko som eg opplever at Foldnes sokn er.

3. Me ønskjer at kyrkja skal ha ein tydeleg sosial profil og kunne bidra til å hjelpe menneske i soknet. Me arbeider derfor med å styrke det diakonale arbeidet vårt.

I samband med at me no har vorte eit eige sokn, og i høve samanslåing til ein ny kommune, ønskjer me å arbeide med å styrke den lokale leiinga i soknet. Spesielt er det viktig med ei god og tenleg leiing av det frivillige arbeidet.

Det er varsla endringar i tildeling av midlar, og me må i framtida finansiere meir av arbeidet vårt sjølve. Me må derfor ha fokus på å auke eigne inntekter.

4. Kyrkja har hatt eit godt samarbeid med Fjell kommune. Skular og barnehagar har besøkt kyrkja, og me har ulike samarbeidsprosjekt som til dømes *Basecamp*. Dette gode samarbeidet håpar me kan halde fram i den nye kommunen.

Det er mange menneske i soknet som har eit forhold til kyrkja. Nokre er berre innom ein sjeldan gong, nokre er trufaste kyrkjegjengarar, og mange er ein plass i mellom. Det er viktig at kyrkja kan møte den enkelte der dei er og kan vera ein plass der det er trygt og godt å komme for alle som ønsker det.

Samlingane i kyrkja skal vere ein plass der det vert lagt til rette for at menneske kan få møte Gud. Bodskapen om Jesus, og betydninga av hans død på korset, må formidlast på ein tydeleg måte.

Kyrkja må vere til for dei som treng hjelp. Hjelp treng vi alle frå tid til anna. Vi må arbeide for å verne om det enkelte menneske sin verdi i kraft av å vere skapt i Guds bilde. Korset i altertavla i Foldnes kyrkje er forma slik at det kan sjå ut som ein stor kjærleik på pinne, og på barnemunn vert kyrkja ofte omtala som «kyrkja med den store kjærleiken». Dette synest eg er ei fin målsetjing for kva som bør prege fellesskapet vårt og vår tilnærming til menneska rundt oss.

5. Kyrkja er grunnlagt for å vitne om evangeliet om Guds nåde. I eit samfunn der vi menneske stadig blir møtt med nådelause krav, trur eg mange tørstar etter nåden. Me treng å få høyre at vi er gode nok som me er, og at me er verdifulle fordi me er skapt i Guds bilete. Bodskapen om Guds nåde lærer oss at det er ikkje noko me kan gjere for å få Gud til å elske oss høgare, og det er ikkje noko me kan gjere for å få Gud til å elske oss mindre. Eg håpar dei som kjem innom kyrkja, kan få ei kjensle av denne nåden.

Det er i vår tid mange meiningar om kyrkja vår, og det er mange vanskelege spørsmål som må handterast. Den norske kyrkje er ein omfattande institusjon som står i både ein historisk samanheng og i ein verdssamanheng. Eg meiner kyrkja er ein viktig reiskap for å fremje Guds rike, og for meg er det derfor viktig å støtte opp om den kyrkja vi har.

Gjennom å vera ein del av fellesskapet her, er du også ein del av Guds verdsvide kyrkje på jorda.

6. Det er i dag eit omfattande arbeide i soknet, og mykje av dette vert drive av frivillige medarbeidarar som gjer ein imponerende innsats. Skal me klare å vidareføre dette gode arbeidet, og helst auke tilbodet i soknet, er me heilt avhengig av at frivillige fortsatt ønsker å vere med på dette, og at nye medarbeidarar kjem til.

Olav Martin Vik

Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil **477 07 698** eller på e-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag
kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte Sund kyrkje-
kontor: **56 31 90 80**

Nettside

Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkje-lydane i Sund. Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/sund

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse
Kvile 17A
5379 Steinsland
Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE



**Sund
Bok**



Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

Velkommen du òg!

SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG
TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

Døpte

17.06 Kausland kyrkje

Olivia Pedersen Lavik

24.06 Sund kyrkje

Ranja Larsen Hovland

01.07 Kausland kyrkje

Matheo Kallestad

29.07 Kausland kyrkje

Emily Williams Hansen

12.08 Kausland kyrkje

Oskar Fjellstad Midttveit

Vigde

09.06 Sund kyrkje

Renate Brekken og Christian Håkonsund

23.06 Kausland kyrkje

Linda Beate Lien og Richard Hamre

Resten av lista over vigde finn du side 12.

Gravlagde

14.06 Kausland kyrkje

Johannes Birger Kausland, f. 1942 (død i USA, seremoni i Kausland kyrkje)

22.06 Kausland kyrkje

Heidi Rosnes Rønning, f.1973

05.07 Kausland kyrkje

Sverre Olai Steinsland, f. 1932

06.07 Sund kyrkje

Helge Andres Limevåg, f. 1958

13.07 Kausland kyrkje

Olga Kristine Kausland, f.1918

17.08 Kausland kyrkje

Ingeborg Karia Toft, f. 1918

21.08 Kausland kyrkje

Knut Sigurd Totland, f. 1945

23.08 Kausland kyrkjegard

Abdul Karim Yaghoubi, f. 1945 (etter muslimsk skikk)

24.08 Sund kyrkje

Sigmund Emil Hansen, f. 1929

30.08 Sund kyrkje

Sverre Harald Forland, f. 1937



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrjekontoret i Sund

Kontor og sentralbord ope:

Tysdag og fredag kl. 09.00 - 14.00

Onsdag kl. 11.00 - 14.00

Telefon sentralbord:

56 31 90 80

E-post: kyrjekontoret@sund.kommune.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Besøksadresse: Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkarvik

Postadresse: Sund Sokneråd
Kyrkjevegen 30
5378 Klokkarvik

Administrasjon

Olav Martin Vik 93 26 44 00

kyrkjevevjerje

E-post: *ov769@kyrkja.no*

Tove Olene Foss Solvang 56 31 90 80

kontorleiar

E-post: *tove.solvang@sund.kommune.no*

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes 48 00 26 97

sokneprest

41 41 66 67

E-post: *kjell.asle.bornes@sund.kommune.no*

Stab

Irina Tarasova 47 45 06 06

kantor

E-post: *irina_piano_84@mail.ru*

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98

diakonimedarbeidar

E-post: *hildegunn.bornes@sund.kommune.no*

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52

trusopplærar

E-post: *dag.pettersen@sund.kommune.no*

Gunnar Langeland 47 71 66 93

kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47

kyrkjegardsarbeidar

E-post: *rolfoksnes@hotmail.com*

Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug 90 08 00 96

soknerådsleiar

E-post: *brynhild.enerhaug@bkkfiber.no*

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Og unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døpte vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Sund
Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,
5378 Klokkarvik

Konto: 3000.15.98194

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.950



Ny kyrkjetenar i Sund kyrkje

Søndag 22. april vart Vilde Ekerhovd takka av som kyrkjetenar i Sund kyrkje. Det var soknerådsleiar Brynhild Enerhaug som kunne takka henne for tida som kyrkjetenar (biletet over).

18 år gamle Martin Børnes har teke over som kyrkjetenar i Sund kyrkje (biletet til høgre). Me ønskjer han velkommen i kyrkjestaben i Sund.



Kom saman i smågrupper!

I kyrkjelyden i Sund er det for tida 3 smågrupper som samlast 1 - 2 gonger i månaden, 2 kvinnegrupper og 1 blanda gruppe. Dessutan er endå ei blanda gruppe i startgropa. Dersom du kan tenkja deg å vera med i ei slik gruppe, er det berre å melda deg på.

I desse smågruppene får vi vera oss sjølve, og samtala om tvil og tru med utgangspunkt i Bibelen. I gruppene får

vi stilla spørsmål, og saman hjelper vi kvarandre med å leita etter svar.

Om du har lyst å vera med i ei slik gruppe, er det altså berre å melda deg på, anten ved å ta kontakt med diakonen Hildegunn eller presten Kjell-Asle, eller du kan ringja til kyrkjekontoret på 56 31 90 80, eller bruka kyrkjekontoret si e-postadresse:

kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Skal ikkje lenger vera Menighetsfakultetet

Det teologiske menighetsfakultet startar semesteret med å skifta namn til MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn.

Menighetsfakultetet i Oslo har i mange år brukt og vore kjent som forkortinga MF. Medan ordet menighetsfakultet forsvinn ut vil den private utdanningsinstitusjonen behalde forkortinga som ein del av det offisielle namnet sitt.

– Dette knyter det nye namnet saman med historia: MF er ein utdanningsinstitusjon på høgaste akademiske nivå som har eit særleg ansvar for å utdanna kandidatar til arbeid i kyrkjelydane, seier rektor Vidar L. Haanes i ei pressemelding.

Det nye namnet skal ifølgje MF få fram breidda i fagområda til høgskulen og at studentane vert utdanna til yrker innan kyrkje, skule og samfunn. MF har sidan 2005 hatt status som akkreditert vitenskapleg høgskule, noko det nye namnet òg skal understreka.

MF og MF vitenskapleg høgskule vil brukast som kortform, og på engelsk vert namnet MF Norwegian School of Theology, Religion and Society.



Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 44

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 17. oktober